

## **Hornelen – vår Lorelei**

Firdaposten har gjort seg morosam over den fråsegna som FNF, Naturvernforbundet og turlaget, alle i Sogn og Fjordane, har levert til Bremanger kommune om Via ferrata til Hornelen. Vi må vere urbanistar som ikkje vil ha utvikling i utkantane. Det er den konklusjonen avisa kom til fordi vi drog i tvil om mange vil la seg lokke av boltar og vaier opp det bratte fjellet.

Vår hovudinnvending er at Hornelen er eit fjell med ein særleg status, utan tekniske inngrep, og bør framleis vere det. Hornelen er det høgste fjellet rett opp av havet i Nord-Europa. Historiene om hekser og om klatreturen Olav Tryggvason gjorde der, gjer fjellet til eit historisk minnesmerke. Symbolsk er dette vår Lorelei, berre så mykje større og mektigare enn berget i Rhinen – fordi fjellet er natur, ikkje mekanisert. Hornelen er eit mykje brukt turmål, og har status som nasjonalt viktig friluftsområde i fylkesdelplanen for arealbruk. I slike område skal omsyn til friluftsliv ha større vekt enn elles som innvending mot inngrep som vil redusere kvalitetane.

Etter vår oppfatning er planen om Via ferrata eit turismeprojekt, ikkje eit friluftslivstiltak. Det norske folket er eit folk på tur, og dei aller fleste er ute etter natur som er uforstyrra av støy og inngrep.

Når det så kjem til spørsmålet om Via ferrata på Hornelen vil trekkje mange turistar til Bremanger, har vi altså våre tvil. Det er tydeleg at nokre har tru på tiltaket som stimulans til større inntekter av turismen, men vi har ikkje sett noko anna enn opplysningar om den trua. Mange kastar seg på iveren etter stålveggar til fjells, men frå Alpane kjem det opplysningar om at bølga var eit blaff. Fleire stader riv dei konstruksjonane, fordi interessa har dabba.

Det er også uklart så langt korleis dei ansvarlege vil hindre at ulukkene vert for mange i den svært bratte traseen opp til Hornelen. Det er slett ikkje uvanleg at urøynde turistar, som dei fleste er, treng hjelp når dei ikkje lenger meistrar vanskane med Via ferrata i bratte fjell. Delar av området er ifrå naturen si side utsett for steinsprang og steinras. Å verne folk mot stein i fritt fall kan verte eit omfattande stykke arbeid.

### **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane**

Erik Solheim, rådgjevar

### **Sogn og Fjordane Turlag**

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet

**Forum for natur og friluftsliv**

Elisabeth Dahle, FNF-koordinator